

Utvikling



Så var endelig våren komme med fruktblomstring. For dei tidligaste felta er steinfruktene ferdige med blømingen, mens kjernefrukt er i full blomst.

Det er mange forhold som skal klaffe for å få god pollinering, og det kan se ut til at værgudane er på vår side i år. Unngå å stresse trea unødvendig med grasfresing. Ikkje slå graset mellom køyregangen når biene beitar på kvitkløver og løvetann. Tidleg på dagen eller kvelden er pollinatorane mindre aktive.

Bilete 1: Bildet viser 'Fryd' som blømer omtrent samtidig med 'Aroma'. 'Eden' er meir i 'Elstar'-tida. Enkelte år er sambløminga bedre.

Gjødsling

Ser det ut til godt ansett og ein ikkje har fått nok gjødsel er det ein mogelegheit å tilføre noko etter blomstring. Gjødselvatning med godkjent gjødselmiddel er også ein mogelegheit. Økologisk gjødsel brukar lang tid på å bli plantetilgjengeleg, så ikkje overdriv gjødslinga. Ta kontakt med rådgivar i NLR.

Ugras

Unngå ugrasfresing under blomstringa. Handluking kan ein naturlegvis gjere.



Bilete 2: handluking må til mellom trea om avstanden ikkje er stor nok til at ugrasfresen går innimellom.

Kjernefrukt

I dei tidegaste felta er dei tidlegblømande sortane nesten ferdige med blomstringa. Hovudsorten 'Aroma' blømer godt no og seinarar sortar som 'Elstar' nærmar seg startblomstring. Insektsbekjemping blir viktig i tillegg til å halde kontroll på epleskurven.

Insektbekjemping

Isomate CLS må opp no ellers vil ein ikkje få fullgod effekt. Epleviklaren startar å sverme i slutten av mai rundt avblomstring. For de andre artane feromonforvirringa verkar mot, vil ein ikkje sjå effekten av dette før neste sesong. Og full effekt vil ein ikkje sjå føre etter bruk i fleire år, tyder erfaringar frå våre nordiske naboland.

Bankeprøve

Ta bankeprøve frå ballongstadiet til avblomstring. 3 slag på 33 greiner. Sjå spesielt etter larver, men også nyttedyr som guløye og rovteger kan være greitt å sjå etter.



Bilete 3 bankehov er godt verktøy for å få status på insekt og spesielt larver. Legg prøveni 30 minutt i kjøleskapet, så rømmer ikkje alle insekta når ein skal gå gjennom prøven.


Tiltak:

Turex 50 WG er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis spp. aizawai*. Midlet må berre sprøytast ut når sollyset ikkje treff trea. Så sprøyting på kveld eller overskya dag er nødvendig, sidan UV-lys øydelegg bakterien. Larvene må eta i seg tilstrekkeleg med bakterier, slik at larveaktiviteten må være høg. Temperaturen har mindre å seie.

Isomate CLS Plus er eit feromonprodukt i eingangsdispenserar som hengast opp i trea. Feromona bør være oppe seinast ved avblomstring, men gjerne tidlegare.

Madex Top er eit virus (*Cydia pomonella granulovirus*) som verkar ved at epleviklar-larvene kjem i nærkontakt med behandla materiale. Sprøytetidspunkt og dosering skal tilpassast eggklekkings-kurven i RIMPro-varsling for epleviklar. Viktig å oppbevare middelet kjølig, helst i fryseboks.

Bladlus



Bilete 4: bladlus er i gang i felta no. Bortklipping av greiner med så mange egge kunne vore eit tiltak, men no er punktsprøyting med natria einaste direkte tiltaket.

Tolking RIMpro-varsel for epleskurv

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. epleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://vips-landbruk.no).

Titak mot epleskurv:

- ✓ Nordox 75 WG; 75-100 g/daa. Unngå bruk etter musøyre pga sviskade. Innblanding med Thiovit Jet kan med fordel gjerast med redusert dose til 15 g/daa.
- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timar.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar på dunakart og om det tørkar seint opp.

Mjøldogg

Klypp bort infiserte skott.

Bladmidd

Svovel (Thiovit Jet) tek også bladmidd om det er over 12 grader ved sprøyting.

Gjenta sprøytinga etter 5-10 dagar.